

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss	FE-010	21/200

Saknr	Utval	Type	Dato
004/2021	Valstyret	PS	18.03.2021

Førehandsrøysting ved Stortingsvalet 2021 og val av røystestader

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Førehandsrøysting ved Stortingsvalet 2021 vert lagt opp slik:

Kommunehuset	10-aug - 10.sept	09:00 – 15:00
Biblioteket på Matre	torsdag 2.sept	13:00 – 18:30
Sjukeheimen	tysdag 7.sept	10:00 – 12:00
Biblioteket på Hosteland	tysdag 7.sept	13:00 – 19:00
Butikken på Hosteland	fredag 10.sept	12:00 – 18:00
Butikken på Kvingo	fredag 10.sept	12:00 – 18:00
Butikken på Haugsvær	fredag 10.sept	12:00 – 18:00

Frist for å søke om ambulerande røysting vert

Rådmannen får fullmakt til å justere på opningstidene viss opningstidene på butikkane eller biblioteket endrar seg.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Vallova fastset at tidegrøysting ved kommunevalet skal vere i perioden 1.juli til den ordinære førehandsrøysting startar, jf vallova § 8-1, pkt (4).

Vallova fastset at førehandsrøysting ved kommunevalet skal vere i perioden 10.august til

10.september, jf vallova § 8-1 pkt (1) og (2).

Vallova fastset at førehandsrøystinga skal gå føre seg i eigna og tilgjengelege lokale, jf vallova § 8-3 pkt (1). Det er og fastsett i lova at det skal vere førehandsrøysting på helse- og sosialinstitusjonar. Andre førehandsrøystingsstader vert der valstyret bestemmer, jf vallova § 8-3 plkt (2).

Vallova fastset at dei som grunna sjukdom eller uførhet ikkje kan avgje stemme ved førehandsrøystingsstadane eller på valting, kan søke valstyret om å avgje førehandsrøyst der dei oppheld seg (ambulerande røysting), jf vallova § 8-3, pkt (6).

Fakta

Ved kommunestyre -og fylkestingvalet i 2019 var det mogeleg å førehandsrøyste på kommunehuset i heile førehandsperioden. Den siste veka før valdagen var det mogeleg å førehandsrøyste i biblioteka sine opningstider. I tillegg var det mogeleg å førehandsrøyste på butikkane på Haugsvær, Kvingo og Hosteland fredag før valdagen.

Evaluering av gjennomføringa av førehandsrøysting for kommunestyre- og fylkestingsvalet viser at oppsettet fungerte godt.

Vurdering

Tidlegrøysting

Tidlegrøysting vert berre mogeleg på kommunehuset i perioden 1.juli til og med 9.aug. Den som vil tidegrøyste må avtale dag på førehand sidan røysteperioden er i ferietida. Dvs at ein ikkje kan krevje å få tidegrøyste viss ein berre møter opp utan avtale. Rådmannen reknar med at ein skal kunne ta i mot tidelegstemmer i tre av fem vekedager i sommarvekene.

Førehandsrøysting

Førehandsrøystingsopplegget i samband med kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019 fungerte godt.

Ambulerande røysting

Det er valstyret som fastset frist for at søknad om å få røyste heime skal vere komen til kommunen, men valhandboka fastset at fristen skal setjast til eit tidspunkt mellom tysdag og fredag den siste veka før valet. Rådmannen rår til at ordinær frist vert sett til tysdag 7.sept. kl 08:00 men at hovudtilbodet om ambulerande røysting formidla gjennom heimetenestene, vert gjennomført i veke 35.

Valgjennomføring i pandemi

Mellombels reglar for valgjennomføring i pandemi set krav til store nok lokaler, god logistikk og ekstra valmedarbeidarar. Det skal og vere handsprit tilgjengeleg når veljaren kjem og når han går. Ved kommunehuset og biblioteka er lokala store nok til trygt å kunne gjennomføre førehandsrøystinga, mens dei lokale me har brukt ved butikkane er heller små. Me har ikkje mange gode lokaler å velje mellom, så tanken er å organiserer ei eventuell kø ute (og ikkje inne i lokalet slik me har gjort før). Dette krev at me er fleire valmedarbeidarar på kvar plass.

For veljarar i karantene må kommunen finne eigna løysing sjølv. Alternative løysingar er at dei kan røyste i eigne lokaler, utafor ordinære førehandsrøystingslokale eller heimanfrå. For Masfjorden kommune er det enklast å tilby heimerøysting for dei veljarane som er i karantene dei siste dagane

av førehandsrøystingsperioden og valdagen.

For veljarar i isolasjon slår dei mellombelse reglane fast at desse skal røyste heime. Dei får og utvida frist til å söke om heimerøysting til kl 10 valdagen.

Å delta på heimerøysting til veljarar i karantene eller isolasjon, set krav til valmedarbeidaren og må gjennomførast med eit strengare smittevern enn ved ordinær røystegjeving.

Konklusjon

Basert på forutsetningar i vallova og erfaringa frå dei siste kommune- og stortingsvala vert førehandsrøysting ved stortingsvalet 2021 lagt opp slik framlegg til vedtak viser-

Valstyret - 004/2021

VS - behandling:

Saka vart drøfta.

Valstyret samla seg om at frist for ambulerande røysting vert sett til tysdag 7.sept kl 08:00.
Framlegg til vedtak med frist for ambulerande røysting vart samråystes vedteke.

VS - vedtak:

Førehandsrøysting ved Stortingsvalet 2021 vert lagt opp slik:

	Kommunehuset	10-aug - 10.sept	09:00 – 15:00
	Biblioteket på Matre	torsdag 2.sept	13:00 – 18:30
	Sjukeheimen	tysdag 7.sept	10:00 – 12:00
	Biblioteket på Hosteland	tysdag 7.sept	13:00 – 19:00
	Butikken på Hosteland	fredag 10.sept	12:00 – 18:00
	Butikken på Kvingo	fredag 10.sept	12:00 – 18:00
	Butikken på Haugsvær	fredag 10.sept	12:00 – 18:00

Frist for å söke om ambulerande røysting vert tysdag 7.sept. kl 08:00.

Rådmannen får fullmakt til å justere på opningstidene viss opningstidene på butikkane eller biblioteket endrar seg.

